

Møtereferat

Politisk prosjektgruppe - politisk organisering

Møtedato:	21.11.2018	Møtestad:	Møterom Anga – Førde rådhus
------------------	-------------------	------------------	-----------------------------

Møtt	Ikkje møtt
Håkon Myrvang Kari Valle Mathias Råheim Åsmund Berthelsen Kari Iren Birkeland Oddmund Klakegg Ole John Østenstad Bjørnar Karlsen Malin Moldestad	Gunn Merete Paulsen Olve Grotle Norunn Lunde Furnes

Møteleiar:	Åsmund Berthelsen	Møtereferent:	Malin Moldestad
-------------------	--------------------------	----------------------	------------------------

Sak nr.	Sakstittel, omtale og konklusjon	Ansvar	Frist
1	Møtereferat 29.10.18 <ul style="list-style-type: none"> • Gjennomgått og godkjent <ul style="list-style-type: none"> ○ Med ei endring i deltakarlista 		
2	Delegeringsreglement <ul style="list-style-type: none"> • Gjennomgang av utsendt presentasjon v/Ole John Østenstad <ul style="list-style-type: none"> ○ Føremålet med delegeringsreglementet er å overføre vedtaksmynde og sikre klar ansvarsfordeling, rettssikkerheit/likebehandling og rasjonell og effektiv sakshandsaming • Drøfting av overordna prinsipp knytt til <ul style="list-style-type: none"> ○ Delegering til formannskapet ○ Delegering til hovudutvala ○ Delegering til kommunedirektøren ○ Delegering til ordføraren 		
3	Delegering til formannskapet		

	<ul style="list-style-type: none"> • Open formulering av formannskapet sitt ansvarsområde: Formannskapet tek avgjerd i alle saker som ikkje vert avgjort av kommunestyret eller av andre organ etter lov eller delegert mynde • Hastesaker etter kommunelova § 11-8, det gjeld når det er naudsynt å gjere eit vedtak så raskt at det ikkje er tid til å innkalle organet skulle avgjort den aktuelle saka. <ul style="list-style-type: none"> ○ Prosjektgruppa er positive til delegert mynde i hastesaker 		
4	<p>Delegering til hovudutvala</p> <ul style="list-style-type: none"> • Saksområde der utvala har innstillingsrett og saker der utvala har vedtaksmynde må gå tydeleg fram av reglementet • Ole John Østenstad har laga ei delegeringsmatrise over kva lover som fell innanfor saksområdet til dei tre hovudutvala og formannskapet <ul style="list-style-type: none"> ○ Det vert lagt opp til gjennomgang av delegeringsmatrisa i neste møte 26.11.18 		
5	<p>Delegering til kommunedirektøren</p> <ul style="list-style-type: none"> • All delegering til administrasjonen skjer til kommunedirektøren så langt ikkje anna er bestemt i lov • Etter kommunelova § 13-1 sjette ledd kan eit folkevald organ gje kommunedirektøren mynde til å gjere vedtak i saker som ikkje har prinsipiell betyding, dersom ikkje anna er bestemt av kommunestyret <ul style="list-style-type: none"> ○ Dette stiller store krav til kommunedirektøren si vurderingsevne og tillit mellom politikarane og administrasjonen er avgjerande ○ Definisjon av ei prinsipiell sak er utfordrande • For å oppretthalde tillit er det nødvendig med eit godt rapporteringssystem frå Rådmannen til politikarane <ul style="list-style-type: none"> ○ Så langt som praktisk mogleg skal det lagast oversikt over vedtak som er gjort i samsvar med delegert mynde ○ Ole John Østenstad orienterer om praksis i Førde <ul style="list-style-type: none"> ▪ fast orienteringspost i formannskapet ▪ årleg medarbeidarsamtale med ordførar, varaordførar og to andre formannskapsmedlemmer frå opposisjonen ▪ Kommunalsjefane møter i møte i bystyret og formannskapet for å fange opp politiske signal for å bidra til godt samspel mellom den politiske og den administrative leiinga ○ Prosjektgruppa vil vurdere eit grundigare rapporteringssystem med oversikt over administrative vedtak som referatsak til formannskapet • Delegert mynde er ikkje absolutt <ul style="list-style-type: none"> ○ Kommunedirektøren skal leggje forskrifter og prinsipielle saker fram til politisk handsaming sjølv om saksområdet er delegert til kommunedirektøren ○ Kommunestyret kan òg trekke det delegerte myndet tilbake, òg i enkeltsaker 		

6	<p>Delegering til ordføreren</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gjennomgang av kommunelova § 6-1 som gjev kommunestyret høve til å gi ordføreren mynde til å <ol style="list-style-type: none"> a. Gjere vedtak i saker som ikkje har prinsipiell betyding b. Gjere vedtak i hastesaker etter § 11-8 første ledd c. Opprette utval som skal førebu saker som ikkje har prinsipiell betyding • Prosjektgruppa er positive til å delegerer vedtaksmynde til ordføreren i hastesaker og ikkje prinsipielle saker, men reglementet bør fastsette kva type saker som er omfatta av pkt. a • Ordføreren sin innstillingsrett må vere avklart i reglementet • Gjennomgang av kva delegert mynde ordførarane har i dag 		
7	<p>Mindretalsanke</p> <ul style="list-style-type: none"> • Mindretalsanke er ikkje lovfesta. Fleire kommunar har reglar om det i sine reglement, men med ulik praksis. <ul style="list-style-type: none"> ○ Gjennomgang av regelen i Førde, Sandnes og Sandefjord kommune sine reglement ○ Det bør vere vektige årsakar for å gjere ei mindretalsanke ○ Prosjektgruppa er generelt positive til ein regel om mindretalsanke • Ole John Østenstad kjem med eit forslag til formulering av regel om mindretalsanke i neste møte 26.11.18 		
6	<p>Det vidare arbeidet</p> <ul style="list-style-type: none"> • I forslaget til delegeringsreglement må prosjektgruppa avklare: <ul style="list-style-type: none"> ○ Hovudprinsipp ○ Delegert mynde til ordføreren ○ Prinsipp for delegering til administrasjonen ○ Mindretalsanke ○ Innstillingsrett ○ Fordeling av lovene på dei ulike utvala • I neste møte 26.11.18 vert det lagt opp til gjennomgang av delegeringsmatrisa for å fordele saksområde mellom formannskapet og hovudutvala. Mindretalsanke og delegert mynde til ordføreren vert òg tema <ul style="list-style-type: none"> ○ Presentasjonen og delegeringsmatrisa vert sendt ut saman med dagsorden 		

Eventuelle merknader til referatet må sendast til referenten innan 10 dagar etter utsending.